



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	27.01.2020	03/20
Kommunestyret	03.02.2020	05/20

Saksansvarleg: Kristin Karlbom  
Dahle

Arkiv: PLANID-2020001,  
PLANNAVN-Kommuneplanens  
arealdel for Midt-Telemark  
kommune 2021-2033, PLANTYPE-  
20, FE-140

Arkivsaknr.: 20/48

## **Kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark 2021-33 - fastsetting av planprogram**

### **Kommunedirektørens innstilling:**

Planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark 2021-32 fastsettast jf plan- og bygningslova §4-1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

### **03.02.2020 Kommunestyret**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren orienterte til saka.  
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 05/20Vedtak:**

Planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark 2021-32 fastsettast jf plan- og bygningslova §4-1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

### **27.01.2020 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

#### **FS- 03/20Vedtak:**

Planprogram for rullering av kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark 2021-32 fastsettast jf plan- og bygningslova §4-1 med endringar slik det går fram av saksomtala.

### **Bakgrunn for saka:**

Forslag til planprogram for ny arealdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-33 vart behandla av kommunestyret for Midt-Telemark 11.11.19. Etter dette vart oppstart av planarbeidet varsla og forslag til planprogram (vedlagt) sendt på høyring i 6 veker med

høyringsfrist 1.1.20. Planprogrammet leggst no fram til endeleg godkjenning av kommunestyret saman med innspela som har kome inn ved varsel om oppstart. Planprogrammet gir grunnlag for det vidare planarbeidet. Endeleg vedtak av kommuneplanens arealdel er planlagt i første kvartal 2021.

## **Saksomtale:**

### **Bakgrunn**

Det har kome i overkant av 50 innspel til planarbeidet, frå offentlege etatar, organisasjonar, næringsliv og privatpersonar. Alle innspela følgjer vedlagt:

1. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Jernbanedirektoratet
4. NVE
5. Bane NOR
6. Statens vegvesen
7. Mattilsynet
8. Direktoratet for mineralforvaltning
9. Universitetet i Sørøst-Noreg
10. Bø bondelag
11. Midt-Telemark museum
12. Bebuarar i Bergenvegen og Furuvegen
13. Bø handelspark
14. Eikjabygda Vel
15. TBV Bolig
16. Telemark Kompetansebygg AS
17. Sauherad boligstiftelse
18. Evju bygdetun
19. Hellestad sandtak
20. Hytteutviklarar på Lifjell
21. Lifjell Skisenter AS og Lifjell Utvikling AS
22. Cato Rekanes
23. Kjell Aage Verpe og Halvor Nordbø
24. Kaasa Maskin AS på vegne av Stein Helge Østerli
25. 3D Arkitekter
26. Sameiet Notevarp terrasse
27. Kirsten Bruserud
28. Familien Farnes
29. Familien Fossheim
30. Hilde Sannes
31. Helge Fossheim (to innspel)
32. Georg Førland
33. Randi Gjerdrum og Eva Lindtveit
34. Tor Ivar Gullord
35. Jon Jarle Haugen
36. Håkon Hegna
37. Egil Holtskog og Sindre Rudshaug
38. Lars H Høgvoll
39. Borgar Kaasa
40. Jan Lampe
41. Arnt Langkaas
42. Per Erik Langkaas (to innspel)
43. Anund Lindheim
44. Torstein Lindheim
45. Knut og Anne Moe
46. Øystein Nordskog
47. Eivind Schartum

48. Hans G Steen
49. Are Sæland
50. Halvard Tangen
51. Pål Toreid
52. Kjell Aage Verpe (tre innspel)
53. Gunhild Volden og Tor Helge Storakaas

Dei aller fleste innspela er forslag til innhald i sjølve planen og ikkje merknader til forslag til planprogram. Innspela til sjølve planen vil bli behandla i første drøftingsmøte i formannskapet og blir ikkje kommentert i denne saka.

I perioden der planprogrammet har vore på høyring, har administrasjonen arrangert ope plankontor på Kjernehuset på Gvarv og i Gullbring kulturanlegg. Planprogrammet vart og lagt fram til drøfting i regionalt planforum, der Bane NOR, fylkesmannen og fylkeskommunen møtte.

Merknadene til planprogrammet er hovudsakleg knytt til kap 7, 8 og 9, d.v.s. medverknad, aktuelle problemstillingar og konsekvensutgreiingar. Av desse vil kommunedirektøren peike på følgjande innspel som bør takast inn i planprogrammet:

#### Kap 7:

- NVE: Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær bør kontaktast for å kunne ta omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgradering av eksisterande.
- Fylkesmannen: Beredskaps- og nødetatar forventast involvert i arbeidet.

#### Kap 8.3:

- Jernbanedirektoratet og Bane NOR: Planen bør legge til rette for tømmerterminal ved Sunde.

#### Kap 8.4:

- Fylkesmannen: Kommunen bør utarbeide oversikt over kapasitet i eks. massedeponi før det planleggast nye anlegg, og at eksisterande deponi innarbeidast i arealdelen og regulerast.

#### Kap 8.5:

- Fylkesmannen: Forskrift om rammer for vassforvaltninga skal følgast opp for all arealbruk. Alle forslag til å omdisponere LNF-område eller grøntstruktur må vurderast utifrå konsekvensar for naturmangfald, og det bør takast høgde for at det kan bli behov for feltundersøkingar som grunnlag for konsekvensutgreiinga.
- NVE: Grunnvatnet og den verdien dette har bør omtalast i planprogrammet.

#### Kap 8.6:

- Fylkesmannen og NVE: Kunnskap i klimaprofil for Telemark må nyttast i planarbeidet. Kommunen bør vurdere behov for å sette av areal til snødeponi.
- NVE: Tryggleikskrava i TEK17 gjeld all utbygging, ikkje berre nye område. Potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle utbyggingsområde. Flaumvegar nedanfor kritiske kulvertar og bruer bør kartleggast.
- Fylkeskommunen: Oppdatert kunnskap om økosystem si betydning for klimatilpassing, t.d. at myr, våtmark, elvebreidder kan verke flaum- og tørkedempande, må leggast til grunn. Høve til å setje krav til miljøvenlege energikjelder ved reguleringsplanlegging bør vurderast.

#### Kap 9:

- Bane NOR: Jernbane bør innlemmast som tema i ROS-analysen
- Fylkesmannen: Rettleiar frå DSB om samfunnstryggleik i arealplanlegging bør leggjast til grunn for ROS-analysen. Forureina grunn må vurderast ved endring av arealbruk.
- NVE: Trinn 1 i prosedyreskildring for skredfare i bratt terreng kan nyttast i ROS-analysen for å identifisere potensiell skredfare. KU skal vurdere ålmenne interesser ved inngrep i vassdrag.

## **Vurderingar**

Av uttalene går det fram at planprogrammet i all hovudsak støttast av statlege og regionale styresmakter og samarbeidspartnarar som NVE, fylkesmannen, fylkeskommunen, Jernbanedirektoratet, Bane NOR og Statens vegvesen. Kommunen får støtte for å bygge arealdelen på arealstrategien i samfunnsdelen med hovudtyngde i bustadutbygging i Bø og på Gvarv og fortetting med kvalitet innanfor eksisterande sentrum.

Fylkesmannen og fylkeskommunen oppmodar til å prioritere arbeidet med å minimere transportbehovet og presiserer at arealplanlegging i kommunane må bidra til å nå måla om reduserte klimagassutslepp. Befolkningsutvikling og -samansetting vil vere viktig grunnlag for fastsetting av utbyggingsmønster og bustadtypar. Fylkesmannen har ei klar forventning til kommunen om å konkret avgrense byggesonen og vurdere potensialet for fortetting og transformasjon. I enkelte andre høyringsuttaler vert det peika på at sentrumsgrensa for Bø bør utvidast. Planprogrammet følgjer her arealstrategiar i samfunnsdelen om fortetting innanfor dagens sentrumsgrenser.

Fylkesmannen understrekar behovet for gjennomgang av eksisterande planar under fleire tema, medan det i uttalar frå privatpersonar er uttrykt skepsis mot at evt oppheving av gjeldande planar kan bety økonomisk tap og dårleg forutsigbarhet for grunneigarar og investorar. Mange gjeldande reguleringsplanar er gamle og har utdaterte føresegner som gjer byggesaksbehandling vanskeleg. Andre kan vere i strid med overordna plan og ved enkelte eldre planar har aldri potensiell naturfare ved utbygging blitt vurdert. Det er difor viktig å gå gjennom gjeldande planar og vurdere om enkelte bør opphevast. Ved oppheving av gjeldande reguleringsplanar kan grunneigar/utbygger ha krav på erstatning for utgifter til planlegging.

Fylkeskommunen kommenterer at planprogrammet viser til at samfunnsdelen bygger opp under berekraftsmåla til FN. Dei tilrår at kommunen i planprogrammet skildrar korleis berekraftsmåla skal implementerast i arealdelen. Planprogrammet viser korleis mål og strategiar i samfunnsdelen skal følgjast opp i arealdelen. Dette er dei politisk vedtekne måla for Midt-Telemark kommune og fell i høg grad saman med berekraftsmåla. Å konkretisere berekraftsmåla for arealdelen utover det som implisitt er gjort gjennom mål og strategiar frå samfunnsdelen, vil krevje eit omfattande arbeid som krev utsett fastsetting av planprogrammet og dermed forskyving av framdriftsplanen for arealdelen. Kommunedirektøren tilrår at ein baserer planprogrammet på mål og strategiar frå samfunnsdelen slik som foreslått i høyringsutkastet.

Fylkeskommunen tilrår at kommunen gjer ein gjennomgang av nye moglege verdifulle kulturlandskapsområde som kan innlemmast i arealdelen. Administrasjonen vurderte i tidleg planfase å gjennomføre ei slik kartlegging. På grunn av behov for å tilpasse omfanget av planarbeidet til tilgjengelege ressursar, vart denne utgreiinga ikkje tatt inn i planprogrammet. Dette på bakgrunn av at ein vurderer potensialet for arealkonfliktar og

faren for nedbygging av evt. verdifulle kulturlandskap som ikkje ligg inne i dagens arealdelar som låg.

**Vedlegg:**

17.01.2020	Planprogram arealdelen - høyringsutkast	1326091
14.01.2020	Høyringsuttalelse til varsel om oppstart av arealdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-33 og høyring av planprogram - fra Vestfold og Telemark fylkeskommune	1326593
17.01.2020	Innspel frå Vestfold og Telemark fylkeskommune	1326804
17.01.2020	Innspel ved varsel om oppstart frå Jernbanedirektoratet	1326061
10.01.2020	Svar frå NVE - Varsel om oppstart - Arealdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-33	1326015
09.01.2020	Uttalelse til varsel om oppstart av arbeid med arealdelen av kommuneplan 2021-33 og høyring av planprogram - fra Bane NOR	1325239
17.01.2020	Tilbakemelding fra Statens vegvesen	1326152
17.01.2020	Varsel om oppstart av arealdelen - frå Mattilsynet	1326064
17.01.2020	Fråsegn frå Direktoratet for mineralforvaltning	1326803
17.01.2020	Uttale frå USN	1326153
17.01.2020	Høyringssvar fra Bø bondelag	1326142
17.01.2020	Arealplan for Midt-Telemark kommune - Innspel	1326054
10.01.2020	Arealdelen - frå bebuarar i Bergenvn og Furuvn	1326066
09.01.2020	Innspill til Kommunearealplanens arealdel for Midt-Telemark - fra Bø Handelspark AS	1325242
09.01.2020	Innspel til kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-2033 - fra Eikabygda Vel	1325237
17.01.2020	Arealdelen - innspel frå TVB Bolig AS	1326067
17.01.2020	Vedlegg TBV Bolig	1326068
10.01.2020	Innspill frå Telemark Kompetansebygg	1326087
17.01.2020	Vedlegg - Telemark Kompetansebygg AS	1326088
10.01.2020	Innspill til arealdelen - fra Sauherad boligstiftelse	1326070
17.01.2020	Vedlegg 1, Sauherad boligstiftelse	1326071
17.01.2020	Vedlegg 2, Sauherad boligstiftelse	1326072
17.01.2020	Innspel frå Evju bygdetun	1326143
17.01.2020	Innspill til KPA - Hellestad sandtak	1326047
17.01.2020	Fellesinnspill fra hytteutviklere på Lifjell	1326083
10.01.2020	Innspill - fra Lifjell Skisenter og Lifjell Utvikling	1326089
17.01.2020	Innspill til kommuneplanens arealdel - fra Cato Rekanes	1326040
09.01.2020	Innspill til Kommunearealplanens arealdel for Midt-Telemark - fra Kjell Aage Verpe og Halvor Nordbø	1325241
10.01.2020	Innspill til arealdelen - fra Kaasa Maskin	1326051
17.01.2020	Vedlegg, Kaasa Maskin	1326052
10.01.2020	Høring ny arealdel - innspill fra 3D Arkitekter AS	1326082
10.01.2020	Innspel til arealdelen - fra Sameiet Notevarp terrasse	1326059
17.01.2020	Arealdelen - innspel frå Kirsten Bruserud	1326079
17.01.2020	Vedlegg, Kirsten Bruserud	1326045
10.01.2020	Innspill til arealdelen - fra familien Farnes	1326043
10.01.2020	Innspill ifm Lifjellplanen - fra familien Fossheim	1326037
17.01.2020	Vedlegg 1, familien Fossheim	1326038
17.01.2020	Vedlegg 2, familien Fossheim	1326039
10.01.2020	Kommuneplanens arealdel - innspel frå Hilde Sannes	1326074
10.01.2020	Vedlegg, Hilde Sannes	1326075
17.01.2020	Innspel til arealdelen, bustadtomt - frå Helge Fossheim	1326144

17.01.2020	Innspel til arealdelen, byggegrenser - frå Helge Fossheim	1326049
17.01.2020	Kommuneplanens arealdel - innspel frå Georg Førland	1326044
17.01.2020	Innspill til arealplan frå Randi Gjerdrum	1326806
10.01.2020	Kommuneplanens arealdel. Innspel frå Tor I Gullord	1326076
17.01.2020	Vedlegg 1, Tor Ivar Gullord	1326077
17.01.2020	Vedlegg 2, Tor Ivar Gullord	1326078
17.01.2020	Innspill fra Jon Jarle Haugen	1326145
17.01.2020	Vedlegg, Jon Jarle Haugen	1326149
10.01.2020	Kommuneplanens arealdel - innspel frå Håkon Hegna	1326085
17.01.2020	Vedlegg, Håkon Hegna	1326086
17.01.2020	Innspill til arealdelen - fra Holtskog og Rudshaug	1326148
17.01.2020	Innspill til arealdelen - fra Lars H Høgvoll	1326073
17.01.2020	Innspill til arealdelsplanen - fra Borgar Kaasa	1326407
17.01.2020	Innspill til arealdelen - fra Jan Lampe	1326405
17.01.2020	Vedlegg, Jan Lampe	1326406
13.01.2020	Arealdelen - innspel frå Arnt Langkaas	1326408
13.01.2020	Arealdelen - innspill nr 1 fra Per E Langkaas	1326409
10.01.2020	Arealdelen - innspel nr 2 frå Per E Langkaas	1326046
10.01.2020	Kommentar til ny arealdel - fra Anund Lindheim	1326053
10.01.2020	Planprogram - innspel frå Torstein Lindheim	1326069
17.01.2020	Kommentar til kommuneplanen frå Knut og Anne Moe	1326150
10.01.2020	Innspel til arealdelen frå Øystein Nordskog	1326060
17.01.2020	Arealdelen - innspill fra Eivind Schartum	1326151
10.01.2020	Innspill ny kommuneplan - fra Hans G Steen	1326081
10.01.2020	Klage kommuneplan Midt-Telemark - fra Are Sæland	1326041
17.01.2020	Arealdelen fra Halvard Tangen	1326147
17.01.2020	Vedlegg, Halvard Tangen	1326154
17.01.2020	Innspill fra Pål Toreid	1326146
09.01.2020	Innspill til Kommunearealplanens arealdel for Midt-Telemark - fra Kjell Aage Verpe	1325240
09.01.2020	Innspill til Kommunearealplanens arealdel for Midt-Telemark - fra Kjell Aage Verpe	1325236
09.01.2020	Innspill til Kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark - Kjell Aage Verpe	1325238
17.01.2020	Arealdelen - innspel frå G Volden og TH Storkaas	1326055
17.01.2020	Vedlegg 1, Volden og Storkaas	1326056
17.01.2020	Vedlegg 2, Volden og Storkaas	1326057
17.01.2020	Vedlegg 3, Volden og Storkaas	1326058

**Parter:**

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark